



Aage Vagleik Nyhammer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1176 - 19/26788

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

27.09.2019

Svar på kommentar til manglende svar på spørsmål vedr KV124 - Lygre indre

Tilbakemelding frå lindås kommune v/vegavdelinga på fylgjande spørsmål sendt til kommunen 10.05.2019:

1. Jeg konstaterer at veien i dag er kommunal. Har ikkje da kommunen ansvar for å drift- og vedlikehold av veien så lenge kommunen er eier av den?

Svar:

Så lenge vegen er kommunal, har Lindås kommune ansvar for vedlikehald av vegen.

2. Eller mener kommunen at dere ikke lenger har ansvar for vedlikehold av veien?

Svar:

Lindås kommune har ansvar for vedlikehald av vegen.

Det er ingen fastbuande langs denne vegen, vegen er tilkomstveg til naust og fritidsbustader.

Lindås kommune ved vegavdelinga er pålagt kraftige innsparingstiltak. Prioritering av vedlikehaldet på vegar kor det ikkje er fastbuande er difor sett til eit absolutt minimum.

3. Etter det jeg har av papirer er det vederlagsfritt gitt areal til veien frem til kai/meieri over 2 eiendommer (gbnr 58/1 og 58/2) uten noen form for heftelser. Mener Lindås kommune at de to her nevnte eiendommerhar beiterett til Lindås kommunes veiareal (gbnr 58/175)? I så fall vil jeg be om at dere finner denne avtalen og kan oversende den eller det som måtte være av bevis for at grunneierne kan hevde beiterett over arealet.

Svar:

Det er mange offentlege vegar som går gjennom beiteområder, både i Lindås kommune og i andre kommunar kor det er drift på gardsbruk. Bøndene har ikkje gjerdeplikt mot offentlig veg, dette er sjekka opp mot juristar sentralt som har veglova som sitt spesialfelt.

Dersom Lindås kommune hadde vurdert det til eit problem at det går beitedyr på og langs denne vegen, hadde veglova §44 slått inn for kommunen.

Pr. i dag ser ikkje vegavdelinga det som eit problem for vegen at det går dyr på beitet langs vegtraséen. Då vegen ikkje har betydelig trafikk og heller ikkje er tilkomstveg for fastbuande, ser ikkje vegeigar at gjerde er naudsynt for å sikre dyr og anna ferdsl langs vegen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



4. Når det var meieridrift, butikk, båtanløp mm var der ikke grunder på denne veien. Etter det jeg har blitt fortalt, er grindene kommet opp de siste 10-15 årene. Er det bare fritt frem for den det måtte passe å gjerde inn kommunalt veiareal i Lindås kommune? Og at tilgivelse gis når noen tar seg til rette?

Svar:

Lindås kommune har ikkje tidlegare måtte vurdere denne problemstillinga. Det finst fleire kommunale vegar kor det er grunder oppført på den offentlege vegen.

Juristane me har samarbeid med kjenner ikkje til noko rettighetsserverv som tillet bønder å setje opp grind på offentleg veg. Grunneigar kan difor ikkje utan løyve setje opp grind på offentleg veg.

Om det føreligg eit slikt løyve, vil ikkje det automatisk gi heftelser på ein eigedom.

Løyve i denne saka kan ha vore gitt før vegareala gjekk inn i matrikkelen og fekk matrikkelnummer, tidleg på 2000-talet. Det er difor ikkje like lett å spore opp eit slikt løyve.

Lindås kommune kjem til å følgje opp om det i dette tilfellet fins slikt løyve til grind på vegen på Lygre indre i ei eiga sak.

5. Påtar Lindås kommune seg ansvaret om noen blir skadet av storfe som beiter i/ved den kommunale vegen?

Svar:

Lindås kommune vurderer ikkje tenkte signario.

Om ein skade oppstår på vegnettet vert det køyrt som eigne saker hos kommuneadvokaten.

Kommunen sitt ansvar vert vurdert, i samsvar med lovverket, om det oppstår skade som del av manglande vedlikehald av ein veg. Bonden har ansvar for dyra sitt ve og vel.

Forsikringsbransjen er ein natuleg del i slike tilfelle.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fagansvarleg veg

Inspektør veg

Landbruksavdelinga

Vegavdeling - ingeniør

Mottakarar:

Aage Vagleik Nyhammer